



# ÅRSMELDING

# 2013



**DEN NORSKE KYRKJA**

Askvoll sokn



## Innholdsfortegnelse

Organisasjon  
 Administrasjon  
 Kyrkjeleg verksemd  
 Kyrkjer og gravplassar  
 Økonomi  
 Framblikk  
 Vedlegg

### 1.0 ORGANISASJON

---

#### 1.1 Askvoll sokneråd

**Askvoll sokneråd er det lokale kyrkjestyret for Askvoll sokn. Soknerådet har både sokneråds- og fellerådsfunksjon. Som sokneråd har rådet ansvar for å nærme det kristelege livet i soknet og som felleråd skal rådet forvalte dei kyrkjelege eigedommane i soknet (kyrkjebygg og gravplassar), arbeidsgivaransvar for dei som er tilsett i lokalkyrkja, forvalte lokalkyrkja sin økonomi, vere gravplastyresmakt og ivareta soknet sine interesser overfor kommunen.**

##### Valde medlemmer

Ole Andreas Myrstad (leiar)	1. vara Agathe Karin Herland
Anne Grethe Lien (nestleiar)	2. vara Else Stølen
Reidun Melvær Norheim	3. vara Judith Karin Nesberg Herland
Jorunn Ringstad	4. vara Jostein Gryte
Inger Lise Saltskår	5. vara Agnar Kjell Vilnes
Oddvar Reidar Indrebø	
Jostein Vidar Takle	
Linda Karin Solheim	
Kari Berit Ness	
Arne Fedøy	

##### Kommunen sin representant

Bjarte England	Åge Guddal (personleg vara)
----------------	-----------------------------

##### Geistleg representant

Stein Hugo Fykse	Knut Arne Kummeneje (personleg vara)
------------------	--------------------------------------

##### Sekretær for rådet og dagleg leiar for verksemda

Rune Ziener
-------------

#### 1.2 Soknerådsmøte

I 2013 var det 11 soknerådsmøte, og det vart handsama 87 saker.



### 1.3 Utval og komitéar

#### **Administrasjonsutval**

Anne Grethe Lien, vara Linda Karin Solheim  
Stein Hugo Fykse, vara Jostein Vidar Takle  
Ole Andreas Myrstad, vara Jorunn Ringstad  
Oddgunn K. Grane som representant for dei tilsette  
Kyrkjeverja

#### **Forhandlingsutval**

Anne Grethe Lien, Ole Andreas Myrstad og kyrkjeverja  
Vara: 1. Oddvar Reidar Indrebø, 2. Stein Hugo Fykse

#### **Arbeidsutval**

Ole Andreas Myrstad, Anne Grethe Lien, Stein Hugo Fykse og kyrkjeverja

	Fast	Vara
Bulandet:	Marit Veim Thistel	Lisbeth Fedøy
Værlandet	Asta Landøy	Tone Nistad Nybø
Vilnes	Kirsten Grane	Kjellaug A. Vilnes
Askvoll	Rita Browne	Helga Einen
Kvammen	ingen	Solfrid Øyren
Holmedal	Anne Marie Helle	ingen
Stongfjorden	ingen	ingen

#### **Kyrkjelydsutval**

##### **Askvoll**

Linda Karin Solheim  
Oddvar Reidar Indrebø  
Jorunn Ringstad  
Ragnhild Holmelid  
Marie Ringstad

##### **Vilnes**

Oddgunn K. Grane  
Jostein Vidar Takle  
Inger Lise Saltskår  
Ester Hugøy  
Edvin Landøy  
Kjellaug A Vilnes  
Agnar Vilnes

##### **Holmedal**

Anne Grete Lien  
Kari Berit Ness  
Dagny Kristin S. Haugsvær  
Jorunn Bull  
Anne Størdal  
Irene Hestvik  
Stein Hugo Fykse

##### **Kvammen**

Ole Andreas Myrstad  
Ann Britt ålen  
Anne Marie Sve Mandelid  
Marit Gryte  
Sigrid Lunde

##### **Bulandet**

Arne Fedøy  
Kathrin Sunde Rogne  
Magnar Hillersøy  
Synnøve Melvær  
Marit Veim Thistel  
Målfrid Hittun Fedøy  
Reidun Melvær Norheim

##### **Værlandet**

Knut Landøy  
Asta Landøy  
Tone N. Nybø

##### **Stongfjorden**

Edith Gjørøy  
Greta Holmar  
Sissel Vie  
Magnhild Osland



**Trusoppføringsutval**

Leiar - Bente Strømmen

Prest - Knut Arne Kummeneie

Organist - Anton Proskurnin

Medlemer - Linda Karin Solheim, Oddgunn K. Grane, Målfrid Hittun Fedøy, Runhild Øvreås, Ole Andreas Myrstad, Eva Iren Landøy, Hugrun Fedøy.

**Plan og byggenemnd - Askvoll kyrkje**

Leiar - Øystein Helle, Jorunn Ringstad.

**Innenemnd - Askvoll kyrkje**

Linda Karin Solheim, Stein Hugo Fykse, Ole Andreas Myrstad og Anne Grethe Lien.

**Jubileumskomite Askvoll kyrkje 150 år i 2013**

Linda Karin Solheim, Stein Hugo Fykse, Ole Andreas Myrstad, Sigrid Lunde og Aud Kari Steinsland

## 2.0 ADMINISTRASJON OG TILSETTE

**Tilsette i soknet**

Kyrkjeleg administrasjon	1,8 årsverk (0,3 av dette i mellombels tilsetting)
Kyrkjer	1,55 årsverk + timetilsette
Gravplassar	0,74 årsverk + timetilsette
Anna kyrkjeleg verksemd	0,4 årsverk
<b>Sum</b>	<b>4,49 årsverk + timetilsette</b>
Til kyrkjestaben høyrer også prestar som ikkje er tilsett i soknerådet	1,5 årsverk

Kyrjekontoret held til i sentrum av Askvoll (i gamle rådhuset), der ein disponerer 6 kontorplassar og møtelokale.

Askvoll sokneråd er medlem av Kirkens arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) og er omfatta av KA sitt tariffområde.

Dei tilsette har pensjonsordning i KLP.



## 3.0 KYRKJELEG VERKSEMD

### 3.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar. Statistikk

#### 3.1.1 Gudstenester

Kyrkje/kapell	Tal gudstenester					Tal deltakarar					Nattverdgjestar				
	2013	2012	2011	2010	snitt	2013	2012	2011	2010	snitt	2013	2012	2011	2010	snitt
Askvoll	3	14	16	15	12	214	1161	1694	1327	1099	37	126	217	129	127
Vilnes	11	13	11	10	11,3	778	846	577	485	672	48	53	35	28	41
Holmedal	21	15	15	13	16	1992	1240	1211	1309	1438	255	175	171	152	188
Kvammen	11	12	12	11	11,5	724	905	899	929	864	151	167	82	130	133
Stongfjorden	9	10	10	8	9,25	263	387	509	374	383	90	77	52	55	68,5
Værlandet	8	10	12	10	10	390	476	502	523	473	99	118	104	110	108
Bulandet	10	11	11	12	11	495	597	616	456	541	216	204	157	200	194
Sum	73	85	87	79	81	4856	5612	6008	5403	5470	896	920	818	804	860

Inkludert i tal gudstenester er nattverdgdustenester, familiegudstenester (inkludert julaftan), friluftsgudstenester, skulegdustenester, ungdomsgudsteneste og ikkje forordna gudstenester.

Friluftsgudstenester: I Vilnes til saman 50 deltakarar.

Skulegdustenester: I Vilnes og Kvammen. Til saman 2 med 132 deltakarar.

Andakter/nattverdgdustenester på Askvollheimen: Det har vore 10 andakter m/nattverd på Askvollheimen.

Desse tala er ikkje med i statistikken ovanfor.

#### 3.1.2 Kyrkjelege handlingar

Kyrkje/kapell	Døypte					Konfirmerte				
	2013	2012	2011	2010	snitt	2013	2012	2011	2010	snitt
Askvoll	4	3	11	4	6	0	5	12	8	6
Vilnes	14	12	2	1	7	5	6	9	4	6
Holmedal	14	11	5	12	11	15	7	4	7	8
Kvammen	4	4	6	1	4	5	5	4	11	6
Stongfjorden	1	1	2	2	2	1	4	4	2	3
Værlandet	2	1	1	1	1	2	6	8	2	5
Bulandet	1	4	3	1	2	4	3	5	0	3
Sum	40	36	30	22	32	32	36	46	34	37



Kyrkje/kapell	Vigde					Gravlagde				
	2013	2012	2011	2010	snitt	2013	2012	2011	2010	snitt
Askvoll	0	1	1	3	1	17	7	13	17	14
Vilnes	1	2	3	2	2	3	2	9	7	5
Holmedal	5	1	0	3	2	6	8	1	6	5
Kvammen	0	0	0	0	0	6	1	5	2	4
Stongfjorden	0	0	1	2	1	4	1	1	3	2
Værlandet	0	0	1	0	0	4	0	1	4	2
Bulandet	1	3		0	1	2	1	1	1	1
Sum	7	7	6	10	8	42	20	31	40	33

### 3.2 Trusopplæring

#### ÅRSMELDING FRÅ TRUSOPPLÆRAR BENTE STRØMMEN

Askvoll sokn fekk i februar 2013 godkjend trusopplæringsplanen.


Underteikna og Knut Arne Kummeneje arbeidde med planen og gjorde dei endringane som vart tilrådd av biskopen. Planen skal no brukast som arbeidsreiskap i barne og ungdomsarbeidet i Askvoll sokn. Planen vil vere under kontinuerlig evaluering, medan vi gjennomfører tiltaka i planen og ser korleis dei fungerer i praksis.

Planen er ambisiøs, og det er mykje arbeid og planlegging som skal gjerast i tida framover. Askvoll sokn består av 7 kyrkjelydar, det gjer arbeidet med planen meir omfattande, enn om det berre hadde vore ein kyrkjelyd.

Vi har ikkje sett igong alle tiltaka i planen samstundes, og det er gjort med meining. Vi ynskjer å kvalitetssikre dei tiltaka vi allereie har. Vi set igong tiltaka i planen når vi har frivillige medarbeidarar/tilsette nok til å kvalitetssikre tiltaket.

Her kjem ei oversikt over arbeid som er gjort i 2014. Nokre av tiltaka går kontinuerlig gjennom heile året.

- Konfirmantarbeidet meiner vi sjølve at vi er gode på. Konfirmantane har delteke som medliturgar på gudstenester, og vi har frå hausten 2013, hatt konfirmantundervisninga utanfor skuletida. Vi har då hatt fellessamlingar for alle konfirmantane på Askvoll skule. Dette har fungert veldig bra. Til det nye kullet med konfirmantar hausten 2014 har vi kjøpt inn undervisningsopplegget « Opp/Ned»



**STØRST AV ALT**  
TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJE



- *Eg har besøkt nokre av dei kristne klubbane i kommunen, og vil halde fram med dette i 2014. Dette gjer til at eg vert kjend med borna i dei forskjellige aldersgruppene, og får snakka med dei frivillige medarbeidarane rundt ikring i kommunen.*
- *På kyrkjekontoret er det mykje kristen barne og ungdomslitteratur. Eg har lagt ut ein del bøker i kyrkjene rundt ikring, slik at dei som ynskjer det, kan sjå i bøkene når dei er i kyrkja.*
- *I januar var eg på møte i Førde, i høve planlegging av ungdomsåret i Bjørgvin.*
- *I februar deltok vi på Vinterfest/leir i Stryn med konfirmantane, arrangert av KFUK, KFUM.*
- *I mars hadde vi utdeling av biblar til 5.klassingane frå heile soknet, i Askvoll kyrkje. Det var ein god del som ikkje møtte. Vi har fått tilbakemeldingar frå kyrkjelydsutval og foreldre/føresette, om at dei ynskjer utdeling av bibel til borna i den kyrkjelyden dei høyrer til.*
- *Den 12. mars hadde Stein Hugo Fykse og underteikna ei veldig kjekk samling i Kvammen kapell med barnehagen frå Gjelsvik skule. Dei tok sjølve kontakt med ynskje om å besøke kapellet.*
- *20. juni hadde 10. klasse ved Gjelsvik skule ansvar for skulegudstenesta Kvammen kapell. Stein Hugo Fykse og underteikna var på skulen og underviste 10.klasse i liturgiske handlingar i forkant av gudstenesta.*
- *7. juni hadde Knut Arne Kummeneje og underteikna eit møte med mentor for trusopplæringa i Askvoll sokn, Jostein Bildøy. Sidan vi hadde fått godkjend planen valde vi å avslutte mentoravtalen med Bildøy på dette møtet.*
- *I august var eg på stiftsmøte i Ulvik i Hardanger. Tema for møtet var ungdomsåret, og eg fekk vere med på mange gode foredrag i høve ungdomsarbeid i Bjørgvin bispedømme.*
- *Hausten 2013 vart det delt ut 4 års bøker på gudsteneste i alle kyrkjene/kapella i Askvoll sokn.*
- *26.oktober var konfirmantane på nattcup i Førde. Dette er eit tiltak som er svært populært i konfirmasjonstida. Ungdommar frå 10.klasse og vidaregåande var med som leiarar ilag med Stein Hugo Fykse og underteikna.*
- *6.november arrangerte Ving I Bulandet med midlar frå trusopplæringa, filmkveld for ungdomsskulen, med andakt og samtale kring tema i filmen. Born frå Ving har og delteke i gudsteneste i Bulandet.*
- *6.november var Askvoll, sokn saman med Askvoll kommune, Fagforbundet og Utdanningsforbundet, med og arrangerte temadag om mobbing for ungdomsskuleelevar og foreldre i Askvoll kommune. Kommunalsjefen for oppvekst er positiv i høve samarbeid med kyrkja, når det gjeld born og ungdom.*
- *I november fekk vi dei nye bøkene til 2 og 6 åringane. Vi skal i 2014 dele ut bøker til 2, 4 og 6 åringane i kommunen. Dette er bøker i samanhengande serie.*



- *I desember hadde eg adventssamling/juleverkstad med 10.klasse ved Askvoll skule. Eg håpar å få iverksett tilsvarande samlingar med 10.klasse på Bulandet og Gjelsvik.*

*Det vert gjort ein formidabel innsats av dei som driv kristne klubbar rundt ikring i kommunen, og eg ser fram til eit godt samarbeid med dei i 2014.*

*Bente Myhre Strømmen*

### *3.3 Kyrkjemusikk*

Konsertar:

Arrangert ein konsert i Holmedal kyrkje ved Anton Proskurnin

Arrangerert to konsertar i regi av andre. 1 i Holmedal og ein i Vilnes

### *3.4 Diakoni*

Diakoniarbeidet har ikkje vore eit satsingsområde for soknerådet i 2013 fordi ein ikkje har hatt diakoniutval i arbeid.

### *3.5 Misjon*

Soknerådet har misjonsavtale med \_\_\_\_\_

### *3.6 Kyrkjeblad og kommunikasjon*

På grunn av bemanningssituasjonen i 2013, har ein ikkje fått gitt ut kyrkjeblad i 2013





## 4.0 KYRKJER OG GRAVPLASSAR

### 4.1 Investeringar

Investeringar på dei kyrkjelege bygg og anlegg er rekneskapsført i Askvoll kommune sine rekneskap.

Prosjektoversikt 2013

Avslutta prosjekt 2013	Pågåande prosjekt 2013	Planlagde prosjekt 2013
Vindusreparasjonar Kvammen kapell Kr 107.000,-	Rehabilitering Askvoll kyrkje Kr 5,44 millionar	Tilkomstveg og parkeringsplass, Vilnes kyrkje/kyrkjegard Avsett kr 150.000,-
Tinglysings- og oppmålingsgebyr på Bulandet gravplass Kr 12.000,-	Utviding Askvoll kyrkjegard (oppstart på prosjektering) Kr 44.000,-	

Prosjektbeskrivelse:

#### *Vindusreparasjonar Kvammen*

Avsluttande del av arbeid som vart påbegynt i 2012. Dette arbeidstrinnet er no avslutta, men det er trong for vidare tiltak for å utbetre og førebyggje lekkasjeskadar.

#### *Rehabilitering Askvoll kyrkje*

Omfattande rehabiliteringsprosjekt som ikkje vart fullført i 2013. Rehabiliteringa omfattar mellom anna utbetring av setningsskadar i fundamentkonstruksjonen, utskifting av vindu, utvendig overflatebehandling, reinsking av tak, utskifting av elektrisk anlegg, nytt varmesystem, innvendig overflatebehandling, ombygging av korparti og montering av skillevegg.

#### *Utviding Askvoll kyrkjegard*

Kyrkjegarden skal utvidast mot nord. Oppstart av prosjektet i 2013 med utarbeiding av teikningsmateriale.

#### *Tilkomstveg og parkeringsplass Vilnes kyrkje og kyrkjegard*

Dette vart ikkje sett i gang som planlagt i 2013 fordi det ikkje er avklara om ein får høveleg grunn til å opparbeide parkeringsplassen.

### 4.2 Anna

På grunn av vakanse i kyrkjeverjestillinga store delar av driftsåret har ein ikkje komme godt i gang med planlagt arbeid med å fjerne gamle gravminne og kartlegge manglande festarar.





## 5.0 ØKONOMI

### 5.1 Driftsrekneskapen

Soknet hadde i 2013 eit mindreforbruk (overskot) på kr 227.098,-. Overskotet er vert nytta til avsetning til investeringsrekneskapen for å delfinansiere interiørfornyinga i Askvoll kyrkje, kr 221.000,- og resterande kr 6.000,- vert nytta til å redusere budsjettet bruk av disposisjonsfond.

Nøkkeltal	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Rekneskap 2012
Sum driftsinntekter	-5 121 974	-3 882 092	-4 360 043
Sum driftsutgifter	4 573 118	3 940 498	4 299 656
Brutto driftsresultat	<u>-548 856</u>	<u>58 406</u>	<u>-60 387</u>
Netto finansinntekter/utgifter	-74 228	-58 406	24 176
Avskrivningar	53 308	53 308	53 308
Motpost avskrivningar	-53 308	-53 308	-53 308
Netto driftsresultat	<u>-623 084</u>	<u>0</u>	<u>-36 211</u>
Bruk av disposisjonsfond	-3 634	0	-100 539
Bruk av bundne fond	-437 917	0	-5 654
Sum bruk av avsetningar	-441 551	0	-106 193
Sum avsetningar	837 537	0	142 404
Rekneskapsm. mindreforbruk	<u>-227 098</u>	<u>0</u>	<u>0</u>





#### *Kommentar til kvar teneste*

##### **04100 – Kyrkjeleg administrasjon**

Denne tenesta har eit meirforbruk i forhold til budsjett på kr 208.000,-. Rekneskapsteknisk er overskotet utgiftsført her, så i realiteten er det eit mindreforbruk på ca kr 10.000,- på tenesta. Største avvik gjeld lønns- og personalkostnader, der det er eit mindreforbruk på om lag kr 180.000,-.

Vidare var sjukelønnsrefusjon ca kr 50.000,- lågare enn budsjettert og reinhaldstenester låg ca 30.000,- over budsjettet.

Ikkje budsjettert avvikling av diakonifondet er rekneskapsført under administrasjon.

##### **04200 – Kyrkjer**

Avvik på tenesta med eit mindreforbruk på om lag kr 180.000,-. Største avvik her er ikkje utført vedlikehaldsarbeid som var budsjettert med kr 165.000,-



**04300 – Gravplassar**

Samla mindreforbruk på tenesta er ca kr 28.000,- Meirkostnad på graving av graver på om lag kr 120.000,-. Mindre kostnad til lønn på om lag kr 100.000,-

**04310 – Gravstell**

Eksisterande gravfond er flytta inn i rekneskapen til soknet. Avsett kr 37.038,-

**04400 – Anna kyrkjeleg verksemd**

Tenesta er saldert mot disposisjonsfond «Kyrkjelydsarbeid». Bruk av avsetningar kr 3.634,-

**04410 – Kyrkjelydsarbeid**

Tenesta er saldert mot nytt bunde fond «Kyrkjelydsarbeid». Avsett kr 38.913,-

**04420 – Dåpsopplæring**

Det var ikkje sett opp budsjett for dåpsopplæringa. Tenesta gjekk med kr 12.106,- i overskot som er sett i nytt bunde fond til trusopplæring.


**04479 – Kyrkjeblad**

Ikkje-budsjetterte gåver og offer, kr 8144,- som er avsett til bunde fond.

**5.1 Balanserekneskapen**

Balanserekneskapen viser at soknet har relativt mykje midlar disponibelt:



	ENDR 2013	UTG. BALANSE 2013
Bunde fond	+ 399 621	Kr 1 985 478
Disposisjonsfond	- 3 634	Kr 358 315
Unytta overskot	+ 227 098	Kr 227 098
<b>Total</b>	<b>+ 623 085</b>	<b>Kr 2 570 891</b>



Om ein går inn og ser på spesifisert oversikt viser det seg at svært mykje av avsetningane står i bunde fond, og er såleis tiltenkt særskilte formål.

Over kr 1 millionar er avsett til fornyinga av Askvoll kyrkje, og om lag kr 200.000,- er avsett til fornyinga av el-anlegg og varmesystem til Holmedal kyrkje.

Av frie midlar



## 6.0 FRAMBLIKK

---

- **Kyrkjelydsarbeid**
  - **Større fellesskap**
  - **Utvida bruk**
- **Nye Askvoll kyrkje**
  - **Større fellesskap**
  - **Utvida bruk**
- **Effektivisering av strukturar**
  - **Redusere gudstenestestader**
- **Synlege kommunikasjonsplattformer**
  - **kyrkjeblad**
  - **heimesider**
  - **sosiale medier**
- **Gjennomføringsevne for investeringsprosjekt**
  - **auke gjennomføringshastighet**
- **Styrkje det strategiske arbeidet**
  - **visjonsformulering og målstyring**

27.02.2014

Rune Ziener

